



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dykkar ref.
16/3693

Vår ref.
16/7671 - TJU

Dato
02.02.2017

Høyring – framlegg til endringar i vannressursloven og jordlova

Vi viser til Olje- og energidepartementets brev 2. desember 2016 med vedlegg.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:

I framlegget til ny § 35 a i vannressursloven er det sagt at dei særskilde omsyna som følgjer av Stortingets vedtak om nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjordar, skal «legges til grunn» når det blir gjort vedtak eller gjennomført tiltak som kan påverke levevilkåra til laksen. Her bør det vurderast nærare om det er føremålstenleg å bruke dette stortingsvedtaket som grunnlag for lovføresegner, og det bør takast med i denne vurderinga at det samla regelverket kan bli lite tilgjengeleg for brukarane dersom ein i lova viser til plenarvedtak frå Stortinget. Vidare er det uklart kva som ligg i dette framlegget. Det er ikkje sagt at lova skal byggje på sjølve stortingsvedtaket, men at bestemte omsyn skal leggjast til grunn. Dette medfører ikkje noka plikt til å handle på ein bestemt måte. Elles går det ikkje fram av høyringsnotatet om det er vurdert om det er tilstrekkeleg at desse omsyna har vore framme i prosessen som fører til eit vedtak eller eit tiltak, eller om dei skal koma til uttrykk i eit slikt vedtak. Skal det vera nokon realitet i at omsyna skal liggje til grunn når det blir gjort vedtak eller tiltak, bør dette òg koma til uttrykk. Endeleg er det noko uklart kva slags tiltak det er tale om her. Vi går ut frå det er meint at dette skal gjelde òg for private tiltak, ikkje berre tiltak i offentleg regi, men dette kjem i liten grad fram i høyringsnotatet. Samanhengen med vedtak og skjønnsutøving kunne tilseia at det er tale om offentlege tiltak.

På bakgrunn av dette bør det vurderast om dei aktuelle omsyna skal koma til uttrykk direkte i lovteksten, om det kan seiast meir direkte kva omsyna skal ha å seia i konkrete saker, og på kva måte det skal gå fram at omsyna ligg til grunn. Til dømes kan

det seiast at bestemte omsyn skal leggjast vekt på i samband med vedtak som kan påverke levevilkåra til laksen, og at dette skal gå fram av vedtaka. Det bør òg vurderast om det kan presiserast nærare kva slags tiltak ein siktar til.

Framlegget til § 43 a fyrste ledd heng i liten grad saman med andre og tredje ledd. Ei generell plikt for alle til å opptre aktsamt, slik at ein ikkje påverkar grunnvatn, er noko anna enn krav til grunnvasstiltak. Framlegget til § 43 a bør etter vår vurdering delast i to paragrafar. Overskrifta på føresegna som i framlegget er § 43 a fyrste ledd, bør vera «aktsomhetsplikt» eller noko liknande.

Dersom framlegget til § 43 a andre ledd er meint å stille krav til grunnvasstiltak, blir det noko misvisande å kalle dette ei plikt til aktsemd, slik det er gjort på side 8 og 9 i høyringsnotatet om endringane i vannressursloven.

Det går fram på side 9 i det same høyringsnotatet at framlegget til § 43 a tredje ledd er meint å vera ein tryggleiksstandard som er strengare enn framlegga til fyrste og andre ledd. Det strengaste og mest grunnleggjande kravet bør koma fyrst i paragrafen. Elles går det i liten grad fram av høyringsnotatet kva som er meint med kravet om at grunnvannstiltak skal fylle alle krav som «med rimelighet kan stilles...», og det er sagt at den nærare fastlegginga skal overlatast til praksis, eventuelt til regulering i forskrift. Her bør det seiast noko meir i proposisjonen om kva som ligg i dette kravet.

Siste del av framlegget til vannressursloven § 45 fyrste ledd gjev ikkje meining. Vi går ut frå at denne utforminga skuldast skrivefeil, eller at noko har falle ut her. Dersom meininga er at det krevst konsesjon for tiltak som kan vera til skade eller ulempe for allmenne interesser, kan føresegna til dømes utformast slik: «Grunnvannstiltak som kan medføre en ikke ubetydelig skade eller ulempe for allmenne interesser, kan bare iverksettes med konsesjon fra vassdragsmyndigheten.»

Det er både i sjølve lovframlegget og i høyringsnotatet vist til § 44 fjerde, femte og sjette ledd. Denne paragrafen har berre tre ledd, og det er ikkje fremja noko framlegg om endring av § 44 i dette høyringsnotatet. Vi kan heller ikkje sjå at det er vist til noko anna framlegg om nye ledd i § 44. Det er difor vanskeleg å sjå kva som er meint her.

Med vennleg helsing

Harald Aass
fagdirektør

Toril Juul
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent og blir sendt utan signatur

